

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	09.02.2022
Vår referanse	2021/88062-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Uttale - Ber om uttale om avkøyrsløysle i delingssak - gnr 417 bnr 14 Rossnes - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale om avkøyrsløysle i ei delingssak, datert 20.01.2022.

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. Plan- og bygningslova. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Planstatus

Eigedommen er regulert til jordbruk/skogbruk i reguleringsplanen for Rossnes med planID 12601982000200.

Uttale

Det er søkt om frådelling av ein teig med ein eksisterande garasje som skal overførast til ein anna eigedom, som ikkje har parkeringsplass til sin hytteeigedom.

Vi vil vise til svaret vårt på nabovarselet datert 04.01.2022 der vi mellom anna skreiv at det ved frådellinga er naudsynt med eit avkøyrsløysle, jf. pbl § 27-4, dersom eigedommen ikkje har avkøyrsløysle i gjeldande reguleringsplan. Dersom det vert gjeve dispensasjon til frådelling, er det Alver kommune som skal handsame søknad om avkøyrsløysle til teigen ettersom den ligg i regulert område.

Dersom kommunen gir avkøyrsløysle, må det sikrast snuplass på eigedommen slik at det ikkje vert nødvendig å snu på fylkesvegen. Det må og sikrast god sikt i begge retningar. Vi ber om å få tilsendt kopi av vedtaket.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift